

Del 3:

KOMMENTARAR OG RETTLEIING TIL REGLEMENT FOR SAMARBEIDSUTVAL

TIL PKT. 1. OG PKT. 4.

Samarbeidsutvala dekkjer både funksjonen som kombinert samarbeids/arbeidsmiljøutval, jf. Hovudavtalen for kommunal sektor og Arbeidsmiljølova, og funksjonen som partssamansett utval jf. Hovudavtalen for kommunal sektor.

Tidlegare inneheld Hovudavtalen detaljerte rettleiingar for kva saksfelt som skulle handsamast i administrasjonsutval og partsamansette utval. Dette er teke bort frå avtalen no, og avtaleteksten er i større grad intensjonal.

Når det gjeld funksjon og oppgåver har vi vist til dei lovane og avtalane som regulerer dette, dvs. Hovudavtalen, Arbeidsmiljølova og Kommunelova.

Partsamansette utval:

Hovudavtalen regulerer dette i §4.

I samband med nedlegging av administrasjonsutvalet i 1992 klarla fylkesutvalet gjennom sak U-75/92 delegasjonstilhøvet mellom fylkesutvalet og fylkesrådmannen for det tidlegare området til administrasjonsutvalet slik:

- "- at saker av prinsipiell, strategisk og styringsmessig natur innafor det arbeidsområdet som administrasjonsutvalet no har etter sin instruks, blir samla i fylkesutvalet.

- at saker som er meir administrative enn politiske av natur blir delegert til administrativt nivå."

Fylkesrådmannen kan delegere sitt mynde innafor dette området vidare langs den administrative instruksjonslinja i fylkeskommunen eller til partssamansette utval, der arbeidsgivarsida har fleirtal. Dette vil seie at det er den administrative leiaren på det enkelte nivå som har mynde i dei tilfelle mynde ikkje er delegert til partssamansette utval, jf. elles § 3-1 b: "ved desentralisert fullmaktsnivå avholdes egne informasjonsmøter med berørte tillitsvalgte og arbeidsgiverrepresentanter på dette nivå". Leiaren står ansvarleg i høve til sin næraste overordna langs instruksjonslinja.

Det vil m.a. av dei personalpolitiske retningslinjene og reglementa framgå på kva for måte fylkesrådmannen har delegert sitt beslutningsmynde.

Nedanfor er det for dei sentrale saksfelte vist korleis fylkesrådmannen sitt beslutningsmynde er delegert, og korleis samarbeidsutvala sin funksjon er for desse saksfelte.

TILSETJINGSSAKER

Tilsetjingar er regulert av eige reglement vedteke av fylkesutvalet. Tilsetjingsreglementet som sektorovergripande rammereglement for tilsetjingar i fylkeskommunen vil bli lagt fram for behandling i hovudsamarbeidsutvalet før det går til politisk organ for behandling.

OMGJERING OG ENDRING AV STILLINGAR

Omgjering og endring av stillingar er i utgangspunktet ein del av plansystemet i fylkeskommunen, ved at stillingsplanar ligg ved som ein integrert del av kvart årsbudsjett-framlegg på institusjonsnivå, sektornivå og for fylkeskommunen samla.

Som samarbeidsutval har utvala uttalerett etter Hovudavtalen §3-1 c og d, når det gjeld endring i bemanning og/eller organisering av verksemda, både når det gjelder kortsiktige og langsiktige planar.

REGLEMENT/UTARBEIDING AV PERSONALPOLITISKE RETNINGSLINJER/ INSTRUKSAR

Sektorovergripande reglement og personalpolitiske retningslinjer som gjeld tilhøvet mellom dei tilsette og arbeidsgivar skal etter dei føringane som fylkesutvalet har lagt, behandlast endeleg av fylkesutvalet. HSAMU vil få slike saker til behandling før fylkesrådmannen gir si tilråding til fylkesutvalet.

Når det på sektornivå¹ eller lokalt på institusjon² blir utarbeidd sektorretta eller lokale retningslinjer, skal desse leggjast fram for samarbeidsutvala på vedkomande nivå for drøfting. Det bør nemnast at slike sektorretta eller lokale retningslinjer ikkje kan vere i strid med dei overordna retningslinjene som er fastsett av fylkesrådmannen, fylkesutval eller fylkesting.

TOLKNING AV AVTALAR

Med avtalar vil det her både kunne vere meint dei personlege arbeidsavtalar (og deira binding opp mot avtaleverket), og det som ein til vanleg kallar "avtaleverket", dvs. summen av dei tariffavtalar som er inngått mellom arbeidstakarorganisasjonane sentralt og lokalt med fylkeskommunen.

¹ Utdanningssektoren har ikkje eige samarbeidsutval. Sektorretta retningslinjer blir drøfta i egne orientering- og drøftingsmøter med dei fylkestillitsvalte i sektoren.

² På skolane er det ikkje samarbeidsutval. Lokale retningslinjer blir drøfta i egne orienterings- og drøftingsmøter med ATV på skolen.

Ved eventuell tvist om tolking av slike avtalar, vil dei eksisterande tvisteløysings-mekanismane som ligg i avtalverk og lovverk måtte følgjast. Samarbeidsutvala vil såleis ikkje ha nokon funksjon i høve til dette området.